

Palliativt team for barn og unge ved Førde sentralsjukehus

På Barne- og ungdomsklinikken har vi eit palliativt team som består av legar, sjukepleiarar, sosionom/barnevernspedagog, fysioterapeut og sjukehusprest. Ved behov vil vi ta kontakt med andre faggrupper.

Teamet sine oppgåver er å:

- planleggje oppfølginga av pasient i samarbeid med familien og medisinsk ansvarleg lege
- delta i samtaler med pasient og pårørande
- vere bindeledd mellom palliativt team for barn og unge og andre einingar i Helse Førde og kommunehelsetenesta
- gje råd og rettleiing om barnekommunikasjon internt og til samarbeidspartnarar
- formidle hjelp frå relevante fagmiljø og personar
- representere Helse Førde i Regionalt fagnettverk for barnekommunikasjon
- samarbeide med Avansert heimesjukehus

Ta gjerne kontakt med oss:

Barne- og ungdomsavdelinga

Telefon: 57 83 91 53 / 57 83 91 59



Palliasjon for barn og unge

Frå det ufødde barnet til voksen



Generell informasjon om palliasjon for barn og unge

Palliasjon er ei aktiv behandling ved alvorlege, livsforkortande eller livstruende tilstandar. Palliasjon til barn og unge blir kjenneteikna av ei heilheitleg tilnærming der målet er å hjelpe barnet eller ungdommen med det familien har behov for. Lindring av både fysiske og psykiske plagar er ein del av behandlinga. Det er også viktig å ta omsyn til sosiale eller eksistensielle utfordringar som oppstår som følgje av sjukdommen. Ei vurdering av familien sitt behov bør gjerast tidlegast mogeleg, og helst skje ved diagnostidspunkt, ved progresjon av sjukdomen eller ved komplikasjonar. Barn og unge skal bli hørt og få hjelp til å forstå og uttrykkje seg.

Målet for behandlinga er best mogeleg livskvalitet for barnet/ungdomen og familien gjennom heile sjukdomsforløpet, ikkje berre når livet går mot slutten.

Målgruppa omfattar barn og unge med ulike sjukdomar, alder, modenheit og funksjonsnivå.

Barn og unge som kan få tilbod om palliativ behandling kan ha:

- sjeldne sjukdomar som blir verre over tid, som muskeldystrofi og metabolske tilstandar.
- tilstandar der tidleg død er uunngåeleg eller sannsynleg, som alvorlege medfødde syndrom.
- livstruande sjukdom der det finst behandling, men som ikkje alltid lækjer, f.eks. kreft, alvorleg nyre-/lever-/hjartesvikt.

Palliative team for barn og unge

Bar nepalliative team består av legar, sjukepleiarar, sosionom, fysioterapeut, sjukehusprest og andre faggrupper.

Det palliative teamet kan hjelpe familiarar sjølv om barnet/ungdommen ikkje er innlagt på sjukehuset. I samarbeid med kommunehelsetenesta kan teamet leggje til rette for at barnet/ungdommen kan vere heime så mykje som mogeleg i alle fasar av sjukdommen, dersom det er ønskjeleg.

Første steg

Barnet eller ungdommen sin familie kan kome i kontakt med palliativt team på ulike tidspunkt i eit sjukdomsforløp. Nokre blir tilvist allereie i svangerskapet når det blir mistenkt eller påvist sjukdom hos fosteret. Andre blir tilvist når det blir stadfestat at barnet/ungdommen har fått ein sjukdom som er livstruande eller livsforkortande, og nokre får kontakt når sjukdommen har gått over i ein ny fase. Det er legen på sjukehuset der barnet/ungdommen får behandling, som tilviser til palliativt team. Foreldre kan ta kontakt sjølve med barneavdelinga.

Oppfølging/behandling

Eit palliativt team skal ta utgangspunkt i barnet/ungdomen og familien sitt behov, ynskje og håp. Det blir brukt ei tverrfagleg og heilheitleg tilnærming for å kartleggje livssituasjon og utfordringar. Fokus på livet er sentralt i vårt arbeid. Det bar nepalliative teamet vil gi heilheitleg støtte og behandling og gir tilbod om:

- støtte til best mogeleg livskvalitet
- samtalar om målet for behandlinga
- foreldre- og pårørandesamtaler
- hjelp til å koordinere lokalt hjelpeapparat og nettverk
- rådgiving om økonomiske støtteordningar
- ein plan for symptomlindring og medisinsk behandling
- hjelp til planlegging og førebuingar når livet går mot slutten

Dersom eit palliativt forløp endar med at barnet/ungdomen dør, vil teamet kunne hjelpe familien med støtte og rettleiing i sorgprosessen.

Lenker

- [Bar nepalliasjon - Frambu](#)
- [Palliasjon til barn og unge - Helsedirektoratet](#)
- [Tverrfagleg kompetansenettverk for barn og unge \(legemidlertilbarn.no\)](#)